

**Notat**Dato: 09.05.2019  
Arkivsak: 2019/10878-2  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Vedlikehold av gong- og sykkelveggar.**

På møte i utvalet den 10. april 2019 vart det på vegne av **Svein Halleraker (H)** stilt fylgjande spørsmål:

Spørsmål vedrørende trafikksikring av gang og sykkelvegar.

Gang og sykkelveg representerer i seg selv en vesentlig trafikksikring og vi er i en god utvikling der stadig flere strekninger får egen trase for myke trafikantar. Det er viktig at disse vegene blir brukt av flest mulig. Dessverre ser vi at særlig mosjonssyklister ofte velger kjørebana fremfor gang og sykkelvegen. Dette kan skyldes flere forhold, men manglende rengjøring av veibanen er en vesentlig årsak. Andre årsaker er at gang og sykkelveg ofte benyttes til oppstilling av avfallsbeholdere etc., som utgjør potensiell kollisjonsrisiko.

Egen erfaring gjelder gang og sykkelvegane langs E39 på Stord. Her benytter mange syklister vegbana fordi gang og sykkelvegane ikke feies og det derfor ligger igjen mye skarp grus etter strøing vintertid. Innslag av glasskår er heller ikke uvanlig. Dette er en trafikkfarlig strekning og det vil være et enkelt og meget effektivt trafikksikringstiltak å sørge for at gang og sykkelvegar er godt rengjort. Jeg har to ganger tidligere (2017 og 2019) tatt dette opp som spørsmål i MISA, så langt helt uten synlige resultater langs våre veier. Det er vår og dette haster, forventer nå et aktivt initiativ som kan gjøre situasjonen tryggere for syklende og kjørende.

Spørsmål: 1. Hvilke muligheter har Hordaland Fylkeskommune overfor Statens Vegvesen og deres kontraktører å kreve tilfredsstillende vedlikehold og feiing av gang og sykkelvegar i fylket? Ber om redegjørelse for hvordan dette er sikret gjennom vedlikeholdskontraktene.

2. Hvilke tiltak/henvendelser ble gjort som følge av mine to tidligere spørsmål?

Svar på spørsmålet.

Forholda for mjuke trafikantar er noko vi i Statens vegvesen har kontinuerleg fokus på, og som vi er i løpande dialog med vår driftsentreprenør om. Hovudregelen er at gang- og sykkelveg og fortau skal vere farbare for både gåande og syklande slik at dei føretrekker å ferdast på desse areala, framfor i kjørebana. Dette gjeld både sumar og vinter.

Vår driftsentreprenør skal gjennomføre vinterdrift etter vinterdriftsklasse som beskrive i kontrakten dei har med byggherre (Statens vegvesen). I driftskontrakten, som blant anna omfattar riks- og fylkesvegar på

Stord og Bømlo, skal alle gang- og sykkelveggar driftast etter vinterdriftsklasse GsB. For denne klassen gjeld, at sand skal nyttast som metode for friksjonsforbetring.

I ny kontrakt gjeld at på fylkes-GS-veggar i Leirvik/Heiane-området, skal det på snø- og isfritt areal nyttast salt som preventivt strømiddel for å forebygge rimfrost og hindre at fuktig eller våt vegdekkeoverflate fryser til is. Når det på snø- og isfritt areal kjem mindre snøfall, eller arealet får snø tilspruta frå vegbana eller anna tilstøytende areal, skal strøtiltak, i kombinasjon med brøyting gjennomførast. Dersom det blir vurdert at snømengde blir større enn utlagt saltmengd etter brøyting ikkje klarer å smelte snøen, skal salting opphøyr, og vidare strøing skal utførast med sand. Under forhold der salt ikkje kan brukast som strømiddel, skal areala driftast i henhold til beskrivelse for ordinær vinterdriftsklasse, med sand som strømiddel.

Vårreingjeringa, som pågår i desse dagar, skal vere ferdig innan 15. mai. Vårreingjering omfattar også reinhald av gang- og sykkelveggar. Utover dette gjeld, at på og langs veggar i tettbygd strøk, skal strøsand og annan sand og grus på fast dekke, i og etter vintersesongen, fjernast innan 2 veker frå det tidspunktet vedkomande areal er fritt for snø og is. På og langs øvrige veggar skal strøsand og annan sand og grus som har samla seg opp i løpet av vinteren fjernast ved vintersesongens slutt.

Vi har også kontraktsfesta med entreprenør, at på areal med fast dekke, skal gjenstandar, material, belegg og anna avfall (fks glasbrot, stein og grus) fjernast innan gitte fristar. For avvik som kan sjåast på som trafikkfarlege, gjeld at gjenstandar, material, belegg og avfall skal fjernast innan 1 til 4 timar - avhengig av ÅDT på den aktuelle vegen. For andre avvik gjeld, at gjenstandar, material, belegg og avfall skal fjernast innan 1 veke i tettbygde strøk og innan 4 veker langs øvrige veggar.

Ansvarsforhold for GS-veggar langs dei ulike vegtypene er grovt inndelt slik;

- Statens vegvesen har ansvar for gang- og sykkelveggar langs riksveggar
- Fylkeskommunen (via Statens vegvesen) har ansvar for gang- og sykkelveggar langs dei gamle riksvegane som vart overført til fylkeskommunen ved forvaltningsreforma i 2010
- Kommunane har ansvar for gang- og sykkelveggar langs det som var fylkesveggar før forvaltningsreforma.

Det vil seie at det er kommunane som skal utføre drift og vedlikehald på mange av GS-vegane langs fylkesvegnettet på Stord og Bømlo.

Delt ansvar for drifts- og vedlikehaldsarbeidet gjer at arbeidet som vert utført i dag varierer, og kan i nokon tilfelle vere utilfredsstillande i høve til tilrettelegging for sikker og attraktiv sykling. Mange av dei eksisterande sykkelanlegga er tronge og utforma slik at ein må til med spesialkøyretøy, medan andre ikkje er tilgjengeleg for jamt vedlikehald. Når det er sagt, har me eit tett og godt samarbeid med både Stord- og Bømlo kommune for å unngå uheldige konsekvensar som følgje av ovannemnte ansvarsforhold.